



Orkanger, 10.04.2017

Høringsuttale til reguleringsplan for hamn og industriområde, Grønøra vest

Vi viser til utsendte høringsdokument og til brev om utsett høringsfrist til 21.04.2017.

Våre primære innspel:

Vi ber Orkdal kommunestyre avvise hovudtrekka av planforslaget slik det ligg føre, og ber om at:

1. Hamneområdet på Grønøra vest blir teke ut av reguleringsplanen
2. Ytterlegare oppfylling av Grønøra vest, ut over det som allereie gjort, går ut av planen.
3. Det blir gjennomført ei utgreiing om tiltak for heil eller delvis restaurering av området som allereie er utfylt på Grønøra vest og enno ikkje er brukt til bygging, inkludert riving av moloen på vestsida av Orkla
4. Orkdal kommune tek initiativ til at Råbygd fjæra/ Gjølmesørene får statleg vern som naturreservat etter naturmangfaldlova.

Det er positivt at det er foreslått litt utviding av området med verneformål, mellom anna ved at eit område med strandeng kjem inn, og at det er foreslått eit redusert område for mudring enn i tidlegare forslag.

Dette er likevel langt frå tilstrekkeleg, og kort oppsummert ser vi det planlagde inngrepet som miljømessig uforsvarleg og i tillegg lovstridig. Reguleringsplanen må difor bli avvist.

Dersom Orkdal kommune gjer eit vedtak som i hovudsak stadfestar planforslaget, vil vi vurdere å klage vedtaket inn for Miljødirektoratet og aktuelle departement for brot på verneregimet for nasjonale lakse-vassdrag og fjordar, brot på naturmangfaldlova, og til ESA for brot på EUs vassrammedirektiv.

Subsidiære innspel:

Dersom Orkdal kommunestyre likevel går inn for hovudtrekka i reguleringsplanen.

1. Orkdal kommune tek initiativ til at Råbygd fjæra/ Gjølmesørene får statleg vern som naturreservat etter naturmangfaldlova, og bruker prosessen rundt etablering av naturreservatet i arbeidet med å utvikle tiltak for restaurering/ avbøtande tiltak i samband med eventuell utbygging av hamn.
2. Det er viktig at dei rekkeføljevilkåra som er sett opp i planen faktisk blir følgt og ikkje blir uthula gjennom dispensasjonar. I dette ligg også ei reell oppfølging av at grøntareal m.m. blir etablerte og vedlikehalde.
3. Orkdal kommune startar arbeidet med å etablere ein kommunedelplan for naturmangfald, slik Hemne kommune er i gang med som pilotkommune. Arbeidet med ein slik plan vil kunne vera eit viktig bidrag til å etablere fleire gode avbøtande tiltak i samband med utbygging av hamn og andre større inngrep i Orkdal kommune. (Stortinget har slått fast at alle kommunar med tida skal etablere slike planar.)

4. Vi ber om at Orkdal kommune avklarar kven det er som vil stå ansvarleg for det som skjer på Grønøra vest og med avbøtande tiltak framover. Er det Trondheim havn eller Orkdal kommune? Dette inkluderer det økonomiske ansvaret i tilfelle klagesaker og rettsaker rundt lovligeita av inngrepa rundt utløpet av Orkla

Nærare grunngeving av våre primære innspel

1. Miljøkonsekvensar

Etablering av eit hamneområde med utfylling og mudring vil, i følgje konsekvensutgreiingane, ha stor negativ konsekvens for fugl og sjøaure. Gjennomføringa av eit slikt inngrep er miljømessig uforsvarleg.

- a) Råbygd fjæra/ Gjølmesørene er karakterisert som det nest viktigaste våtmarksområdet i fjord for fugl i Sør Trøndelag (etter Gaulosen). Våtmarksområda i/ rundt Trondheimsfjorden har vore utsett for ei omfattande nedbygging, og berre rundt 10% av det opphavlege våtmarksarealet er intakt etter ei langvarig "bit for bit" nedbygging. Dette gjer det spesielt viktig å ta vare på det som er att for å sikre den framtidige funksjonen til Trondheimsfjorden våtmarkssystem, som sannsynlegvis er Noregs største og viktigaste våtmarkssystem. Dette er ikkje minst viktig for mange av Europas trekkande fugl, og i denne samanhengen er også Bernkonvensjonen sentral. Den planlagde og sær omstridte nedfyllinga av Brekstadfjæra gjer situasjonen enno meir prekær.
- b) Sjøauren er spesielt hardt pressa i Orkla, så det er viktig å gjennomføre positive tiltak for å betre situasjonen. Å gjennomføre eit inngrep som gjer situasjonen verre bør vera uaktuelt.
- c) Det er i tillegg grunn til å stille spørsmål ved konklusjonen i KU om at laks (spesielt smolt) blir lite berørt av inngrepet. Fleire forskingsrapportar viser til at estuarie ved utløp av lakseførande elver har mykje å seia for mattilgangen for smolt i ein periode. Dei planlagde utfyllingane og mudringa vil redusere matproduksjonen ved utløpet av Orkla og Skjenaldelva, og kan dermed ha negativ påverknad på smoltens overlevingssevne i havet. Det er motstridande syn på korleis ein skal tolke forskingsresultata når det gjeld smolt, og i den samanhengen bør "føre var prinsippet" bli brukt. Naturvernforbundet og andre går inn for ei restaurering på Grønøra vest, inkludert full eller delvis riving av moloen på vestsida av Orkla m.m., noko som vil skape eit heilt nytt strøymingsmønster i Råbygd fjæra/ Gjølmesørene. Dette vil sannsynlegvis kunne ha stor påverknad på området og på vandringsmønsteret for smolten. Situasjonen for smolten etter det foreslåtte inngrepet bør difor bli vurdert opp mot situasjonen for smolten etter ei eventuell restaurering.

2. I strid med verneregimet for nasjonale lakse-vassdrag og fjordar

Inngrepet er openbart i strid med Stortingets vedtak om oppretting av nasjonale laksevassdrag og nasjonale laksefjordar. Inngrepet må difor bli avvist på dette grunnlaget.

Dette gjeld både den planlagde etableringa av ei regionhamn, og all ytterlegare utfylling på Grønøra vest til andre føremål.

Retningslinene for verneregimet for nasjonale laksevassdrag og laksefjordar går fram av St.prp. nr. 32 (2006 – 2007)5).

- a) Å byggje ein regionhamn rundt utløpet av Orkla, eit nasjonalt laksevassdrag må bli karakterisert som eit stort inngrep, og difor i strid med formuleringa i stortingsvedtaket: *“Større inngrep i munningsområdet til nasjonale laksevassdrag tillates ikke”*. Norske Lakseelver bad Klima- og Miljødepartementet om ei avklaring på bruk av ei unntaksformulering for spesielle (og kritiske) situasjonar der vernet kan bli fråvika, og i svar av 06.09.2016 skriv departementet *“Departementet oppfatter at formuleringen gjelder for situasjoner hvor det er nødvendig å gjennomføre tiltak for å hindre at det oppstår skade, jf. formuleringen “i enkelte situasjoner” og “hindre skade”, og at dette altså gjelder skade på eksisterende infrastruktur eller eiendom.”* Å byggje ei regionhamn er ikkje eit tiltak for å hindre *“skade på eksisterende infrastruktur eller eiendom”*. Unntaksformuleringa kan difor ikkje bli brukt. All ytterlegare utfylling på Grønøra vest er i seg sjølv er eit stort inngrep i munningsområdet til Orkla, i strid med Stortingets vedtak om nasjonale lakse-vassdrag og fjordar, sjølv utan etablering av ei regionhamn. All vidare utfylling på Grønøra vest må difor bli stansa straks.
- b) Vidare står det *“Virksomhet som innebærer risiko for alvorlig forurensing som kan skade villaksen tillates ikke”*. Ved hjelp av Miljødirektoratets oversyn over utslepp i Orkdalsfjorden frå Løkken gruver sida opninga av gruva og fram til i dag, kan ein rekne seg fram til eit utslepp på astronomiske 20.000 tonn kopar og tilsvarande mengder sink. Mykje av dette vil vera å finne i botnslammet der det er planlagd mudring. Prøvetaking viser *“hot spots”* med høg forureining, sjølv om dette berre er prøver frå det øvste slamlaget og ikkje avdekkar kva som er skjult lengre ned. Det er risiko for at mudringa kan frigjera *“alvorleg forurensning”* til skade for villaksen. Denne risikoen er ikkje vurdert i KU, ein risiko som er i strid med verneregimet for nasjonale laksefjordar.

3. I strid med vassforskrifta/ EUs vassrammedirektiv

Inngrepet kan vera i strid med vassforskrifta/ EUs vassrammedirektiv, og vi vil peika på at det er ei pliktig vurdering av slike inngrep opp mot forskrifta, som er forankra i eit internasjonalt pålegg. Kapittel 4.7 i direktivet omhandlar vilkår for å tillate nye inngrep, og det er ei rekke vilkår som må bli oppfylte. Vi siterer frå direktivets danske tekst:

“Medlemsstaterne misligholder ikke dette direktiv, hvis:

...

og følgende betingelser alle er opfyldt

a) der tages alle praktisk gennemførlige skridt for at mindske den skadelige indvirkning på vandforekomstens tilstand

b) grundene til disse ændringer eller forandringer er specifikt angivet og forklaret i den vandområdeplan, der kræves i henhold til artikel 13, og målene revideres hvert sjette år.

c) ændringerne eller forandringerne er begrundet i væsentlige samfundsinteresser, og/eller nyttevirkningerne for miljøet og samfundet ved opnåelse af målene i stk. 1 er mindre end de nyttevirkninger, der følger af de nye ændringer eller forandringer for befolkningens sundhed, opretholdelsen af menneskers sikkerhed og en bæredygtig udvikling, og

d) de nyttige mål, der tilsigtes ved de nye ændringer eller forandringer af vandområdet, kan ikke på grund af tekniske vanskeligheder eller uforholdsmæssigt store omkostninger opnås med andre midler, som miljømæssigt er en væsentligt bedre løsning.”

- a) Det planlagde inngrepet er i klår strid med kapittel 4.7 (b) i EUs vassrammedirektiv.
I vassforvaltingsplanen for vassområde Orkla, som vart vedteke av regjeringa i juli 2016 og sendt ESA, er det verken grunngeving eller spesifikk omtale av verken den planlagde hamna eller andre inngrep (utfylling) ved det planlagde inngrepet ved utløpet av Orkla og Skjendaldelva. All ytterlegare oppfylling av Grønøra vest og/eller mudring vil dermed vera brot på vassrammedirektivets kapitel 4.7 (b).
Det einaste ein kan finne om regionhamn på Orkanger i vassforvaltingsplanen er følgjande: «I tillegg er det behov for ny containerhavn for Trondheimsregionen, men plassering er ikke endelig avklart. Utvidelse av eksisterende anlegg på Orkanger er foreslått som mulig lokalitet. En viktig avklaring i lys av dette er forholdet til statusen som nasjonal laksefjord og nasjonalt laksevassdrag.»
- b) Det planlagde inngrepet kan vera i strid med EUs vassrammedirektiv kapittel 4.7 (a, c og d)
Inngrepet er ikkje konkret vurdert opp mot vassrammedirektivets vilkår i kapittel 4.7 (tilsvarende vassforskriftas § 12). Det er eit krav at dette blir gjort.
- i. Det finst alternative lokaliseringar av ei regionhamn og alternative lokaliseringar av industriområde som er miljømessig vesentleg betre (kapittel 4.7(d)).
 - ii. Vi vil hevde at tapet av miljøkvalitet gjennom inngrepets negative påverknad på laks, sjøaure, ål, fugl friluftsliv, m.m. er større enn dei samfunnsmessige gevinstane ved inngrepet (kapittel 4.7(c)).
- b) Ut i frå at vi meiner at ein reguleringsplan som omfattar ytterlegare utfylling på Grønøra vest er i strid med EUs vassrammedirektiv på fleire punkt, vil vi vurdere å sende klage til ESA (Efta Surveillance Agency) for brot på direktivet. Ei vidare utfylling i tråd med gjeldande reguleringsplan vil også kunne vera eit brot på direktivet.

4. I strid med naturmangfaldlovas §§ 8-12, spesielt §§ 9, 10 og 12

- a. I strid med § 9, ”føre var prinsippet”
Det finst fleire forskingsrapportar om verdien av estuarie for smolt på vandring, både når det gjeld mattilgong og predasjon. KU konkluderer med at nedbygging av delar av estuariet ved Råbygda vil ha liten negativ effekt, men det er mogleg å tolke forskingsrapportane til at slike estuarie kan ha stor verdi for smolten. I tillegg må ein vurdere smoltens bruk av estuariet opp mot eksisterande inngrep, der moloen på vestsida av utløpet er spesielt alvorleg. Med ei restaurering som omfattar heil eller delvis riving av moloen blir strøymingstilhøva totalt endra, noko som kan påverka smoltens bruk av området. Eit nytt inngrep bør bli vurdert opp mot situasjonen etter ei resturering. Totalt gir dette gir ein usikker situasjon der § 9 bør bli brukt.
- b. I strid med § 10 om samla belastning
Utløpet av Orkla, ein gong Nord Europas største elvedelta, har vore utsett for massive arealinngrep gjennom mange år, og i tillegg påverka av eit av Noregs mest alvorlege tilfelle av gruveforureining. Korleis vil den samla belastinga påverke muligheita til å nå forvaltingsmåla i §§ 4 og 5 om naturtypar, økosystem og artar? Det bør vera liten tvil om at den samla belastinga allereie er så stor at ein ikkje kan tillate ytterlegare inngrep som gir stor negativ

påverknad, slik KU stadfestar. Det er også grunn til å minne om at elvedelta («aktivt marint delta» og «aktivt delta») og «strandeng» er raudlista naturtypar.

c. I strid med § 12 om miljømessig beste teknikkar (og lokalisering)

- i. Naturvernforbundet har gong på gong peika på at det finst miljømessig vesentleg betre alternativ for regionhamn, som for eksempel Thamshavn nord/ Storsanden eller Trolla. Thamshavn nord er avvist utan truverdig utgreiing. I Jernbaneverkets store utgreiing om lokalisering av eit logistikknutepunkt for båt, bane og veg, fekk Thamshavn nord og Trolla miljømessige skår.
- ii. Det finst andre område i regionen for industrietablering enn Grønøra vest. Mosøyan på Vormstad er berre eitt av fleire døme.
- iii. Dei manglande reelle utgreiingane av alternative lokaliseringar av hamn og av industriområde representerer i seg sjølv eit brot på § 12 i naturmangfaldlova.

Helsing

Mads Løkeland

Leiar av Naturvernforbundet i Orklaregionen